

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Opland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ringeby

Emne: Beit og brom.

Bygdelag: Venabv̄gd

Oppskr. av: Einar Hovdhaugen

Gard: Venåsen

(adresse): Venabv̄gd

G.nr.3

Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. R i s har vore mykje nytta som dørefor her. Ris er mjuke kvistar, oftast ein 60-70 sm. lange. Frå gamalt fekk døra ris minst ein gong om dagen heile vinteren. Å hogge ris kallast å vera i risskogen. På dei større gardane låg folk i vekevis i risskogen om vinteren. Riset vart køvrt heim i lassevis. Det <sup>var</sup> ògve reglar for kor stort eit lass skulle vera. Regelen var slik: 12 kvistar i ei hendle (av ~~hand~~ - henle, henla, henlo, henlun - dativ henlun, henlom), 12 hendlo i ei gøyv (jøyv, jøyva, jøyve, jøyvin, dativ jøyven, -om), 12 gøyver i eit fanga og 12 fanga i eit lass. Om regelen ikkje vart følgt så nøye så var dette inndelinga.

Beit var nok noko mindre nytta enn ris, men var likevel almindeleg nytta frå gamalt. Det var kvistar og tre av furu og osp som vart køvrt heim på tunet og serleg geit og sau, men og ungnaut og tildels kvirne vart utslepte for å gnaga av borken og eta dei granne kvistane.

2. Kjøre ris og beit.

3. Beit og ris vart nok henta heile vinteren. Det var halde for å vera best på vårleida når savet tok til å koma i kvistene. Ris av fjellbjørk med tjukk bork var halde for å vera betre. Det var ikkje uvanleg at

2

ein kørde fram heile trea og hogg av kvistene til  
beit. Det same kunne vera tilfelle med risbjørka.  
Brom kjenner eg ikkje til har vore nytta onnorleis  
enn at det sjølvsgt har vore hogge ris og om våren.  
4. Når ein hogg ris så brukte ein lauvjøyne eller sig-  
den som her er same reidskapen.



Lauvjarn. (Sigd.)

5. Beit vart helst nytta til småkrøttr, geit og sau. Dei  
vart jaga ut og stod ute på tunet og gnog. Riset vart  
gjeve kørne og vart gjeve i båsane. Ris vart ofte gjeve ~~ix~~  
til kvelds. Der dei gav ris 2 gonger om dagen fekk krøttra  
ris både til høgstdag og til kvelds.

6. Rislasset vart lagt i lag, anten utafor fjøsveggen  
eller ~~ix~~ inne på fjøstrevet. Beit vart lagt i ein haug ute  
på tunet og så lagt utover til dyra ettersom dei tross  
det. Berre småkrøttr blir utslepte til å få beit lenger  
og for det meste er det slutt på det og. Ris har vore  
ikkje så lite nytta heilt opp mot våre dagar og er tildels  
nytta enda.

7. Nei.